



Kommunestyret

| | | | |
|--|-------------------------------------|--------------------------|----------------------------|
| Vår referanse: 20/25/21/8246/4/JEB | Arkivkode: FE-033, TI-&29 | Dykkar referanse: | Dato: 14.10.2021 |
|--|-------------------------------------|--------------------------|----------------------------|

Orientering om reparasjon av tartandekket i Hagabotnane

Kommunestyret handsama 02.09.2021 ein interpellasjon om tartandekket i Hagabotnane. Det vart gjort følgjande vedtak:

«Administrasjonen sjekkar opp i desse forholda og ser på evt garanti / andre løysingar for å få ordna bana, og kjem tilbake til kommunestyret sitt møte 21. oktober med informasjon.»

Tilbakemelding/orientering til kommunestyremøtet 21.10.2021:

Arbeidet med å få reparert skadane i tartandekket vart sendt bestilling på til Unisport AS den 25.05.2021. Det er Unisport AS som har levert både kunstgrasbana og tartandekket. Alt vart overlevert til Samnanger kommune i 2017 og garantitida gjeld framleis.

Firmaet som reiser rundt i heile Noreg og utfører reklamasjonsarbeid/servicearbeid for Unisport As, har mange utenlandske arbeidarar som det siste året ikkje har fått koma inn til Norge grunna pandemien. Løpebanespesialisten deira vart i tillegg akutt sjuk og sjukemeld, noko som har sett dei mykje tilbake i tid for å få utført reklamasjonsarbeid. Dette har dessverre forseinka arbeidet med reparasjon av tartandekket i Hagabotnane.

Dei hola som er komne i tartandekket er foråsaka av ytre påkjenning og er unormalt. Dette kan skuldast flytting av mål utan å bruka hjula eller liknande. Me viser her til kommentar frå Robert Svoren i Unisport AS:

«Dette vil gå inn under garanti, men skader inne på banedekket er unormalt og dekkes normalt ikke. Her er det flere små skader så vi tar det hele innen garantien.»

Den eine tribunen vart ein dag i 2020 teken av vinden og knekte ned den eine flaggstanga mot tartandekket. Dette kan og ha forårsaka skader i dekket. Framleis er ingen av tribunane forankra i bakken.

Det er også skadar på kunstgraset i Hagabotnane. Det er per 13.10.2021 venta at firmaet i løpet av kort tid vil koma for å reparera skadene i både tartandekket og kunstgraset. Dei er avhengige av opphaldsvær for å kunne gjera dette arbeidet.

Det er ønskeleg at brukarar/innbyggjarar som oppdagar skadar på idrettsanlegget melder frå om dette til kommunen v/teknisk driftsleiar.

Med helsing

Jan Erik Boge
konstituert rådmann

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.